

## RAPPORT FRÅ KULTURHISTORISK RUSLETURGRUPPE

Gruppa har siste året hatt dette styret: Borghild Hardang Hanto, Margit Sudbø, Torstein Fosstveit og Halvor Gåra. Sistnemnde har fungert som skriar og leiar. Peter Sevatdal har etter mange år trekt seg ut av styret. Turane haust og vår har blitt planlagte ved korte møte i Gullbring på måndagar etter at programmet til seniorlæring er over.

### TURANE I 2019

- 9.4. 2019 *Okkupasjon og motstandskamp i Midt-Telemark.* Lokalhistorikar *Ingvar Skobba* fortalte om desse 5 åra som få i dag har opplevd, men som lever på folkemunne og gjennom litteratur og filmstoff. Ca 50 møtte fram og viste stor interesse gjennom spørsmål og kommentarar.
- 10.5. *Trollbilen og vandring i Lunde.* Besøk på handverksbedrifta *Fargerike Lunde* som reparerer gamle vindauger og har rammeverkstad. Bilentusiastar fortalte om den utstilte *Trollbilen*, den einaste norskproduserte bilen i landet. Etterpå var det lønsj på Lunde slusekro og omvisning på sluseanlegga. Turleiar: *Borghild Hardang Hanto*. Mange deltok og roste opplegget etterpå.
- 11.6. Tur til Årnotdalen med Gunleiv Brukås som kjentmann. Stopp ved Flåta og vandring opp til Øverland. Avslutta på Grønbygil med matrast og lokalhistorisk stoff formidla av Gunleiv og med innslag frå fleire. Mange plassar, hendingar og søger om folk som levde i Årnotdalen blei levande fortalt. 39 deltok. Turleiar Halvor Gåra.
- 10.9. Tur til Grønkjer og Storebråta med Halvor Sem. Avlyst på grunn av kraftig regn.
- 8.10 Tur til Årnes brygge med Torstein Fosstveit. Avlyst på grunn av ver og lite frammøte.
- 12.10. Tur til Breskhaug skule og Stadskleiv i Bø. Avlyst på grunn av regn og surt ver i november.